

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 14. juli 2022

Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland – utkast til plan

Viser til møte i IKPU 03.06.2022 og gjennomgangen av status for arbeidet med planen. Sender som avtalt utkast til plandokument. Alle må gå gjennom dei innspela som er kome og kva som er av forslag til arealendringar spesielt innafor sin eigen kommune.

Det er spesielt viktig at ein går gjennom:

- Innhald i og samanheng mellom kart og føresegn
- Kvalitetssikring av planskildring og kunnskapsgrunnlag.
Begge er omfattande dokument. Vurder gjerne om planskildringa bør gjerast kortare enn vi har fått til så langt. Tanken så langt er at planskildringa skal som eit sjølvstendig dokument gi ein god oversikt over planområdet.
- Endringane i arealbruk her er dei områda som i KU kjem ut i «grønt».
I KU dokumentet går det fram kva innspel som er i dei ulike kategoriane. Sjå kap 7 i KU og Planskildring.

Innspel og merknadar:

- Forslag til endringar i areal og eller tekst av «prinsipiell art» må kome frå medlem i IKPU og sendast inn **innan 2. sept** slik det vart vedteke i møte til IKPU 03.06.2021.
- Andre endringar av meir «redaksjonell art» - leggast direkte inn i dokumenta som er lagt inn (funksjon spor endring skal vere slått på) – **frist 2. sept**

Kommentararar til dokument planskildring:

- Kap 8 – ikkje ferdigstillt – vil bli vurdert om det skal utarbeidast ein tabell oversikt
- Kap 6 – gir ein oversikt over arealformåla og innhaldet i planen. Dei foreslåtte endringane og konsekvensane av dei er omtalt i kap 7. Slik at kap 7 er det mest interessante når det gjeld foreslåtte endringar.

Kommentar til dokument føresegn:

- Spørsmål som mellom anna kan diskuterast /vurderast
 - Plankrav – kap 2
 - Krav om heilt eller delvis lukka anlegg – kap 3.2

- Brygger, småbåtanlegg og småbåthamn – kap 3.4 og 3.2.7 – rammer og definisjonar
- Oppgaver til den enkelte kommune – utfylling (administrativ oppgave – medlem i arbeidsgruppa) – frist 2. sept
 - Kap 3.2.11 - friluftsområde – må gå gjennom og vurdere om der er konkrete område som må listast opp
 - Kap 4.1.7 – område for felles planlegging – sjekk om tabellen er fullstendig
 - Kap 4.1.8 – detaljplanar som skal gjelde full ut - sjekk om tabellen er fullstendig
 - Kap 5.1.3 – særskilte omsyn – er alt med – noko som manglar

Alle dokumenta er lasta opp i eige mappe i Teams som representanten i arbeidsgruppa har tilgang til.

Tilgang til mappe i Teams

https://iktnh.sharepoint.com/:f:/s/Interkommunalplanforsjareal-RN-Interkommunalplanforsjareal/EpmEuzy4xEtEoUDnXOG3kQBbAwLv-pMqSjB_jWTsWRP8g?e=rxZEOj

Kommentarar – merknadar må gjerast direkte i desse dokumenta som ligg på Teams.

Har lagt ved planskildringa som vedlegg til eposten.

Det må understrekast at dokumenta er utkast og vil bli jobba med framover.

IKPU skal i møte 23. september vedta å sende planen ut på 1. gongs høyring.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss (sign)
Prosjektmedarbeidar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Dokument som ligg i Teams mappa:

- Planskildring
- Føresegn
- KU og ROS analyse
- Kunnskapsgrunnlag
- Kjelder – liste – oversikt
- Arbeidskart – pr kommune som viser arealstatus og innspel